



Terje Marheim
Dalstøvegen 86
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8253 - 20/47859

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
05.08.2020

Mottatt klage i saka gbnr 319/5 frådelling av parsell med dispensasjon

Tiltak: Frådelling av parsell
Byggjestad: Gbnr: 319/5
Tiltakshavar: Terje Marheim
Ansvarleg søkjar:

Det er mottatt klage i dispensasjonssaka handsama 21.07.20.
I motteke klage frå fylkesmannen, datert 27.07.20, er det oppmoda om utsett iverksetting av vedtak datert 21.07.20.
Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje.

Det er ikkje gjort vurdering av klagen førebels. Vi vil informere dere om mottatt klage frå fylkesmannen, datert 27.07.20, som følgjar vedlagt her.
På bakgrunn av dette skal klagesaka handsamast av areal-, plan og miljøutvalet. Det ikkje vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket førebels.

Oppstart av byggearbeid/frådelling før klagesaka er endeleg avgjort, skjer på søkjar/tiltakshavar sin eigen rekning og risiko.

Aktuelt regelverk

- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i forvaltningslova (fvl) § 42.

- Krav om utsett iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage - Alver - 319 5 - Dalstø - fradeling - dispensasjon

Svar på klagevurdering - klage - gbnr 319/5 Dalstø - fradeling - dispensasjon

Mottakarar:

Terje Marheim

Dalstøvegen 86

5918

FREKHAUG